



Du treng ikkje reise langt for å finne ein hyttecontainer.  
Det er utplassert 110 stk 660 liters containere for restavfall,  
sør i Øygarden kommune.


## Ny nøkkelordning for hytterenovasjon

Hyttecontainerane blir no låste. Dette gjer vi for å sikre kapasiteten til hyttefolket gjennom sesongen, og for å hindre mis bruk.

Nøkkelen passar til alle hyttecontainerane i Øygarden kommune. Om du mister nøkkelen eller vil ha ein ekstra, må du kjøpe denne på ein av gjenbruksstasjonane våre. Ny nøkkel kostar kr. 50,-

Avfall som ikkje skal kastast i hyttecontainer, kan leverast på gjenbruksstasjonane på Midtstegen i Skogsvåg eller i Lonavegen på Straume.

**HER ER NØKKELEN  
DIN TIL HYTTE-  
CONTAINERANE**



# Start kjelde-sortering på hytta

Mange hytter er i bruk i store deler av året. Dette gjør at det vert auka press på hyttecontainerane. Vi oppmodar difor alle hytteeigare til å bidra med meir kjeldesortering. Då minskar presset på containerane og samstundes aukar gjenvinningsgraden av hytteavfallet.



## Papir, papp og drikkekartong

Gratis å levere for hytte- og hushaldningskunder på våre gjenbruksstasjonar.

Om hytteområder ønskjer eigen behaldar til papir, kan de ta kontakt med oss for å diskutere løysing.

## Dette skal ikkje i hyttecontainerane

Bygg- og rivningsavfall, møblar, metall og andre store gjenstandar.

Farleg avfall, til dømes beis, maling, lakk, løysemiddel, spillolje og lut.

Elektrisk og elektronisk avfall.  
Gratis å levere til gjenbruksstasjonane.  
Hugs at EE-avfall òg kan leverast gratis i retur til forhandlarar.



## Glas- og metallemballasje

Leverast i container på returpunkt for glas- og metall-emballasje. Sjekk ØyVAR-appen for nærmeste returpunkt.

Større mengder skal leverast på ein av våre gjenbruksstasjonar. Steintøy, porselet og keramikk skal i restavfallet.

Skyl emballasjen, og ta han med til returpunktet.

## Last ned appen vår!

Vi anbefaler at du lastar ned ØyVAR-appen. I den finn du informasjon om tømming og stadar der du kan kaste avfallet. Mange bruker òg funksjonen for å varsle om fulle hyttecontainarar, misbruk eller anna. Dette er verdifull informasjon for oss.



GOOGLE PLAY



APP STORE